

Ønskjer flystripe i Vågå

Det er tre plassar i verda som skil seg ut med gode værforhold for seglflyging. Den eine ligg i Argentina, den andre på New Zealand, og tredje plassen er Vågå i Noreg. Nå ønskjer seglflyentusiastar å segle i himmelrommet over Vågå heile året, ikkje berre ei veke i påska.

AV ARVE DANIELSEN

Før påske skreiv Fjuken om seglflyleiren på Vågåvatnet og ønska om å kunne fly seglfly heile året i Vågå.

Førre veka var seglflyentusiastar frå Drammen flyklubb i Vågå for å sjå på moglegheitene for ein start- og landingsplass for fly og seglfly.


Drammen Flyklubb har vore 13 gonger i Vågå rundt påsketider for å fly seglfly. I vår var 70-80 pilotar frå fleire europeiske land på leiren på isen på Vågåvatnet, og i følgje Tor Einar Lund i seglflyavdelinga i flyklubben, var alle imponert over forholda i Vågå.

- Vågå er rangert som ein av dei tre beste plassane i verda for seglflyging, seier Lund. No håpar han at dei kan få til slik aktivitet også i den grøne årstida.

Samarbeid

- Vi ser på om det er mogleg å få til eit samarbeid med rikssenteret om ei start- og landingsstripe, seier Lund. Han understrekar at planane så langt er ein idé, og at det er langt opp og fram før ein eventuell start klar med flystripe.

Tor Einar Lund, Øyvind Moe og Anders Bjørnstad frå Drammen flyklubb var torsdag og såg på området, og dei ser for seg ei 800 me-



Flystripe: Anders Bjørnstad og Tor Einar Lund frå Drammen flyklubb ønskjer å utvide aktiviteten med seglfly til heile året. Førre veka såg dei på forholda og område for start- og landingsstripe for fly og seglfly.

ter lang og 20-25 meter brei flystripe langs med Otta-elva.

Seglflytrioen frå Drammen ser for seg mindre aktivitet om sommaren på ei lita flystripe, enn om vinteren då ein har heile isen på Vågåvatnet å ta av.

Lite støy

- Kva med flystøy?

- Det kjenner vi til frå vårt eige område, og vi brukar støydempande

fly, seier Lund. Han ser for seg kanskje to slepefly og 5-10 seglfly om gongen på samlingar. Når seglfly først er oppe i lufta, seglar dei timevis før det landar. Han trur ikkje flystøy blir noko stort problem.

Kor lite støy eit moderne småfly gjev frå seg fekk Fjuken oppleve då trioen flaug over området for å «teste» moglegheitene for start og landing. Trailarane og motorsyklane på riksvegen gav frå seg meir lyd enn småflyet på «takeoff».

Tre år

Prosjektet er i startgropa og når Drammen flyklubb har bestemt om dei vil utvide aktiviteten sin i Vågå, vil dei sende ein formell søknad til kommunen om planane.

Etter det Fjuken forstår er det langt fram før fyrste flyet kan lette frå «synna Søreim».

- Dersom alt går etter planen med reguleringsplan, avtale med grunneigar og opparbeiding av fly-

Flystøy: Moderne småfly gjev frå seg lite støy. Det fekk Fjuken merke då småflyet frå Drammen flyklubb testa forholda for ei eventuell flystripe i Vågå.

stripe, vil det ta minst tre år, seier Øyvind Moe.

Interessant

Ordfører Rune Øygard tykkjer det er ein interessant idé, men det er ikkje opplagt at den blir realisert, meiner han.

Det som gjer Øygard tvilsam til planane, er bruken av sjølve arealet til ein start- og landingsplass for fly og seglfly.

- Dette vil legge beslag på dyrka mark, og vi vil ta dette opp med grunneigarane når vi får ei formell søknad frå flyklubben, seier Øygard. Han er og tvilsam til eventuell flystøy, men tykkjer det er artig at kommunen får ein slik førespurnad.

- Dette fortel om nok ein Vågåkvalitet, seier Øygard.